



Harald Dag Jølle
skriv om turar,
utstyr og
turbøker for
Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Brosme- tinden

Nokre fjelltoppar er lettare og morsamare å gå på for små fjellfolk.

TUREN

Ytst på Kvaløya. Der fjella går rett i havet. Nei, det var inga presis formulering. Det gjer dei så mange stader langs kysten vår. Eg prøver igjen: Ytst mot havet der fjellet som går rett i havet, er lett tilgjengeleg – for store og små.

Me har godt av å få besøk sørfrå av og til. Når me tek ein førstegongsreisande på ein køyretur ut av Tromsø, ut mot havet, ut i fjella, blir me minte om kor fantastisk dette *eigentleg* er. Alpint landskap og kvite strender rett utom stovedøra. No har me med ei tante som har kome til Nord-Noreg for første gong. Superlativa renn ut. Og det er ingen tvil om at ho meiner dei. Dette er noko anna enn hennar skogkledde heimtrakter.

Dagens mål er Brosmetinden. Eller Brosmortinden som dei på yttersida seier. Det kjem av *brosme*, fisken altså, som står i *ura* som renn ut i havet under tin-

den. Men no skal eg ikkje snakke meg bort om namnegransking – eller kor viktig det gode brosmefisket var for dei som klorte fast ein gard under fjellet – me skal nemleg ha både ungar og ei gamal tante opp på toppen.

Tinden er ikkje høg. Han ser ikkje imponerende ut. Han er ganske beskjeden samanlikna med alle dei bratte og majestetiske toppane rundt han. Men han har eit trumfkort. Sjølvvegen opp. Du har knapt kome ut av bilen før du balanserer på kanten av Nordishavet. Ikkje slik at det er skummelt, sjølv den viltre femåringen får springe ganske fritt, men inntrykket er fengslende. Du fær liksom luft under vengene oppover stigen som ligg ytst på eggja. Aldri har eg sett sjuåringen lettare på foten. Aldri har det vore lettare å få elleveåringen til topps. Aldri har det gått mindre sjokolade i motbakkane.

Alle som har drege ungar til



Neste stopp: Nordaust-Grønland. Liten og stor fjellkar blir imponerte av utsikta på veg opp til Brosmetinden på Kvaløya i Troms. Foto: Sigrun Høgetveit Berg

fjells – for dei må ofte dragast –, har kjent på tvilen. Kor hardt skal eg presse? Det er sjeldan evna, men viljen som sviktar. Det veit du. Men kor stor er gleden til poden når me kjem til toppen, saman-

likna med sutringa nedi bakken? På Brosmetinden vart ikkje det eit problem. Kanskje var det tilfeldig, denne milde haustdagen. Sannsynlegvis var det vel det. Men eg vel likevel å tru at dei også, som

tanta, vart fascinerte av den luftige eggja og det vide utsynet – og kjende draget mot toppen.


HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstitutt og forfattar.

SITATET

«Dette bylivet er nu engang unatur, og det var sandelig ikke vor bestemmelse fra naturens haand av.»

Fridtjof Nansen
i *Friluftsliv* 1922



LITTERATUREN

Therese Bertheau

ANNE-METTE VIBE:
**Therese Bertheau –
Tindestigerske og
Lærerinde**

SKRIFTER FRA UNIVERSITETS-
BIBLIOTEKET I OSLO 10, 2012.

Finst også gratis på <http://www.ub.uio.no/om/skrifter/hefte10.pdf>

I straumen av tur- og naturbøker, av bøker om og av heltar, kom nettopp eit lite hefte om ein kvinneleg fjellpioner. Therese Bertheau, fødd i 1861, gjorde ikkje som kvinner flest. Ho klatra høge fjell. Ved ein slump blei ho med på Uranostind i Jotunheimen i 1885. Og dermed var det gjort, skal me tru forfattaren Anne-Mette Vibe. Toppturen saman med den engelske presten Beaumont – som først måtte kjenne henne på leggene for å



avgjere om ho var sprek nok – vart starten på eit langt og innhaldsrikt liv i fjella. Ho vart den første kvinna som nådde toppen av Store Skagadølstind i 1895, ho var på tur saman med storleikar som William Cecil Slingsby, og ho klarte ei ny rute på Kolsås. Likevel er det mest imponerende med klatringa hennar, meiner Vibe, at «hun klarte å hevde seg på et så mannsdominert område». Og korleis kjønnsroller spela inn i fjellsporten, både på og utanfor banen, er eit sentralt tema i boka til Vibe. Det var neppe lett å klatre bratte fjell med lange kjolar!



Therese Bertheau (til venstre) og Ingeborg Tandberg på Kolsås. Det er lite å laste damene for når det gjeld antrekket.